



## *Overordna prosedyre ved bruk av tvang og makt - Eining for funksjonshemma*

*Status:* Gjeldende  
*Ikrafttredelse:* 08-04-2016  
*Type:* Reglement  
*Utstedelse:* 15-06-2017  
*Sist revidert:* 15-06-2017  
*Redaktør:* Bernt Fjordheim  
*E-post:* [bernt.fjordheim@lindas.kommune.no](mailto:bernt.fjordheim@lindas.kommune.no)

### **Overordna prosedyre ved bruk av tvang - Eining for funksjonshemma**

#### **Formål:**

- Ivareta rettstryggleiken til brukarane
- hindre at dei utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade
- sikre at dei får naudsynt helsehjelp og omsorgstenester
- førebyggje og avgrense bruk av tvang og makt

#### **Lover og rundskriv:**

Naudsynt bruk av tvang og makt i tenestene er regulert av følgjande lover:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, kap 9 i gjeld bruk av tvang og makt mot personar med diagnosen utviklingshemming, ved utføring av tenester som kommunen har gjort vedtak om etter den same lova.

Lov om pasient- og brukerrettigheter kap 4A , gjeld bruk av tvang og makt for å utføre naudsynte helsenester.

Begge lovene definerer kva som her vert definert som tvang og makt, vær merksam på at dette ikkje alltid samsvarar med vanleg oppfatning av det som i daglegtale vert rekna somtvang og makt.

Til kapittel 9 er det utarbeidd eit rundskriv; [«Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming – Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 9»](#). Dette finst også i papirform i avdelinga.

Til Pasient og brukerrettighetsloven er det utarbeidd rundskriv; [«Pasient- og brukerrettighetsloven med kommentarer»](#).

Tilsette i Eining for funksjonshemma skal ha kunnskap om innhaldet i dette lovverket, kjenne til kva som vert definert som tvang og makt etter lova, og kunne relatere dette til eigen praksis for å setje i verk naudsynte tiltak når ein tvang og makt må nyttast.



### **Oppfølging av prosedyrar og kvalitetssikring av tenesteytinga:**

1. Det skal gjennomførast risikovurdering i høve til situasjonar som kan medføre bruk av tvang og makt mot den einskide brukar minst ein gong årleg. Det skal også gjennomførast risikovurdering overfor nye brukarar, og dersom brukarar endrar åtferd og/eller funksjonsnivå.
2. Leiarar på alle nivå skal etterspørje situasjonar og hendingar der tvang og makt har vorte nytta, eller der tenesteytarar er usikker på spørsmål om desse problemstillingane
3. Dersom det oppstår situasjonar der ein er usikker på om eigen eller andre sin praksis skal reknast som tvang og makt etter Helse og omsorgstanestelova kap 9 eller Pasientrettighetslova kap 4a, skal dette straks nedteiknast og snarast råd drøftast med dagleg leiar/avdelingsleiar eller overordna fagleg ansvarleg/einingsleiar. Enkeltmeldingar skal sendast inn ut frå kva lav dei 2 lovene som vert nytta.
4. Spørsmål om tvang og makt i tenesteytinga skal rettast til avdelingleiar eller einingsleiar. Dersom ein ikkje finn svar i lovverket, skal desse kontakte 2. lineteneste eller Fylkesmannen for råd.
5. Manglande rapportering av bruk av tvang og makt, og brot på prosedyrar som omhandlar tvang og makt, skal meldast som avvik i Lindås kommune sitt avvikssystem, og avviket skal handsamast av nærmaste leiar.

Prosedyrer for kvalitetssikring av opplæring om tvang og makt finn du i kvalitetssystemet under mappa **Kompetanse og fagutvikling**.

**Dersom du har spørsmål om bruk av tvang og makt, er usikker på kva som er lov/ikkje lov, meiner at det vert brukt tvang og makt som ikkje er lovheimla, eller liknande, - ta kontakt med avdelingsleiar eller einingsleiar.**